



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/596 - 19/6315

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
22.03.2019

Godkjenning - utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 42/96 via minireinseanlegg Eikeland

Administrativt vedtak. Saknr: 67/2019

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utslepp frå ein fritidsbustad på Eikeland, gbnr 42/96.

I samsvar med søknad, datert 26.02.19, skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg type FD 5N (PEH), før reinsa avlaupsvatn skal førast til etterpolering i terreng/sandfiltergrøft til bekk. Plassering og utsleppsstad er vist på situasjonskart motteke 26.02.19.

Nabovarsling

Det er ikkje påkravd nabovarsel i saka då utsleppsanlegg/minireinseanlegg er plassert på eigen grunn, reinsa avlaupsvatn skal førast til bekk.

Erklæring om ansvarsrett

Føretaket Fløysand VA AS har erklært ansvarsrett jf. plan- og bygningslova § 23- 3.

Vurdering:

Lov- og planstatus

Plassering av minireinseanlegg er eit «tiltak» etter pbl § 20-1 boksta a), og er søknadspliktig etter §§ 20-3, jf. 20-2.

Eigedomen gbnr 42/96 er i Kommuneplanen sin arealdel definert som byggeområde for fritidsbustad. Plassering av minireinseanlegg er dermed i samsvar med arealformålet.

Plassering

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det følger av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne plasseringa til eit tiltak. Dette gjeld tilsvarande for plassering av anlegg, jf. § 31-2. Plassering og utsleppsstad er vist på situasjonskart motteke 26.02.19.

Omsøkt plassering er i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd, og kan dermed godkjennast.

Utslepp

Eigedommen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredsstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf. § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av forskrift om begrensing av forureining § 12-5.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av forskrift om begrensing av forureining § 12-5, utsleppsløyve frå fritidsbustad, 5 PE, på gbnr 42/96 på Eikeland, i samsvar med søknad motteke 26.02.19 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg med etterpolering via lecakuler og filtrering i jordmassar før reinsa avlaupsvatnet vert ført til bekk på eigedom gbnr 42/111. Det er ikkje tillate å føre reinsa avlaupsvatn i rør til bekk.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk. Kopi av avtalen må sendast til Meland kommune.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 f), 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 42/96 Eikeland i samsvar med søknad, motteke 26.02.19. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan motteke 26.02.19, jf. plan- og bygningslova § 29-4.

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan

reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/596

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart
Ansvarsrett

Kopi til:

Håkon Hagen Toppe levegen 161 5917 ROSSLAND

Mottakarar:

Fløysand Va AS Fløksand 5918 FREKHAUG